

Dato:

Rett til redusert forbruksavgift

Alle verksemder som har rett til redusert forbruksavgift skal årleg senda dokumentasjon til sitt nettselskap om dette. Skatteetaten utfører kontroll med nettselskapet om at det føreligg slik dokumentasjon. Redusert forbruksavgift i 2024 er 0,58 øre/kWh ekskl. mva., medan full avgift er 9,51 øre/kWh ekskl. mva for månadane jan til mars og 16,44 øre/kWh ekskl. mva resten av året.

Det er Dykkar ansvar som nettkunde å dokumentera retten til redusert avgift. Vedlagt følgjer eit skjema som i utfylt stand vil tilfredstillast ein slik dokumentasjon. Vi ber Dykk difor fylla ut skjemaet og returnera det til oss snarast råd. I mangel av slik dokumentasjon er vi pålagt å avrekna abonnementet med full avgiftssats. Skjema kan sendast på e-post til kundeservice@kvamenerginett.no, eller via post.

Rett til redusert avgift har produksjonsverksemder innanfor næringshovedområda C (industri), og arbeidsmarknadsverksemder for arbeidstrening eller varig tilrettelagt arbeid. Dessutan verksemder for sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning.

Hjå oss er Dykkar verksemd registrert i næringskode som gjev rett til reduert forbruksavgift. Koden framgår av svarskjemaet, og er henta frå Enhetsregisteret i Brønnøysund. Nærare informasjon om avgiftssatsar og retningsliner for redusert avgift, finn De på www.skatteetaten.no/Bedrift-og-organisasjon/avgifter/elektrisk-kraft/.

Her framgår det mellom anna at redusert avgift er avgrensa til produksjonslokaler. Eigne bygg der 80% av arealet eller meir er knytta til administrasjon skal det betalast full avgift for. Dersom det på same abonnement/målar er lokaler som ikkje har rett til redusert avgift, slikt som bustader, administrasjonsbygg, fjernlager, utsal m.v., skal desse betalast full avgift for. På vedlagte skjema skal det førast opp kor stor prosentdel dette utgjer av forbruket. Det bør monterast eigen målar på anlegg med ulik avgiftssats.

Med helsing
KVAM ENERGI NETT AS
Kundeservice

.....
Ronny Bakke-Byrkjeland

KVAM ENERGI NETT AS
Postboks 64
5601 Norheimsund

SVARSKJEMA

Følgjande anlegg er innanfor næringskode som gjev rett til reduisert forbruksavgift:

Kunde :

Føretaksnr:

Næringskode:

Tilleggskode:

Målepunkt ID:

Anlegg:

Målarnr:

Fyll inn svar på spørsmåla under etter kva som passar for anlegget.

Er det anna verksemd tilkopa denne målaren som ikkje har rett til redusert avgift? (set kryss)

Nei Ved nei: Avslutt her.

Ja Ved ja: Kva type verksemd/lokale:

Ved ja: Kor stor del av straumforbruket skal ha redusert avgift? _____%
Anlegget er registrert med 100 % redusert avgift i dag.

Skjemaet må fyllast ut og returnerast til KVAM ENERGI NETT AS snarast.

Ved eventuelle framtidige endringar som har verknad på avgiftssatsen, er De som nettkunde ansvarleg for å melda dette til oss som netteigar.

Underteikna stadfestar at overnemnde anlegg har rett til redusert forbruksavgift som oppgitt.

Dato: _____

Firma: _____

Namn på ansvarleg person: _____

Underskrift: _____